



Plattform for det nye dekanatet ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen

Dekanatet

Som dekan stiller professor **Sigrid Eskeland Schütz**. Ho har lang erfaring frå undervisning og forskingsleiing innan særleg EØS- og miljørett, og har hatt ei rad verv ved fakultetet og UIB sentralt. Ho er i dag visedekan for forskingsleiing og innovasjon, og har for tida verv som nestleiar i Miljøklagenemnda og som medlem av Kjernekraftutvalet.

Som prodekan for forskning stiller professor **Jørn Jacobsen**, med lang erfaring som forskargruppeleiar og leiar for forskarutdanninga ved fakultetet. Jacobsen er ein internasjonalt anerkjend rettsvitar har leia forskingsprosjekt og forska innan strafferett og med rettsteori og metodologiske grunnlag for rettsvitskap. Han har over ti års erfaring med PhD-opplæring og rettleiing av PhD- og masterstudentar. Han har vore redaktør for Bergen Journal of Criminal Law and Criminal Justice sidan oppstarten i 2013, og har vunne ei rad prisar for forskinga si. Han vart teken opp som medlem av Det Norske Videnskaps-Akademi i 2017.

Som visedekan for undervisning stiller professor **Magne Strandberg**, emneansvarleg i Rettergang frå 2012, og med tidlegare erfaring som visedekan for undervisning 2019 - 2021. Han er også leiar av Personskadeforbundets Rettssikkerhetsfond og er medlem av Diskrimineringsnemnda.

Professor **Miriam Skag** er tiltenkt vervet som visedekan for organisasjon og innovasjon, med personalansvar for stipendiatar og post.dok. Skag har vore tilsett ved fakultetet frå 2002, men har også arbeidd som ting-, og lagmannsrettsdommar og advokat. Ho har hatt fagansvar for Pengekravsrett, og frå 2023 for Obligasjonsrett, og vore nestleiar i Forbrukarklageutvalet og sekretær for Takstlovutvalet.

Organisering

Fakultetet har relativt nyleg hatt organiseringa av leiing og forskning til grundig diskusjon. Vi held i hovudsak fram med organiseringa som ein kom fram til i desse prosessane, med fire dekanar, men flytter personalansvaret for Phd og post.dok bort frå posten som visedekan for forskning. Målet med endringa er å sikre nok ressursar både til strategisk arbeid som understøttar og fremjar fagmiljøa og kvaliteten til desse, men også til tett oppfølging av mellombels tilsette, vår viktigaste rekrutteringsbase og grunnlag for framifrå forskning. Den nye organiseringa i Forskargruppe 5 og 2, og etablerte og nye senter, som BECCLE, CENTENOL og COASTLAW, vert sentrale i arbeidet med innovativt forskingsarbeid og godt arbeidsmiljø, men også med oppfølging av mellombels tilsette ved sentra. Det er eit mål å sikre vidare tett samhandling mellom fagleg og administrativt tilsette, og å skape rom for å utvikle gode løysingar saman, både innan forskning og utdanning.



Strategi og visjon

UiB har som strategi at vi skal vere blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjende for høg kvalitet i forsking og utdanning, og som samfunnsinstitusjon bidra til berekraftig og demokratisk utvikling og vere ein attraktiv og inkluderande studie- og lærestad. Vi vil som dekanat arbeide for høg kvalitet, fagleg integritet og langsiktigheit. Eit godt arbeidsmiljø for alle er avgjerande for å nå desse måla. Vi ønskjer ein levande campus med inkluderande arbeidsmiljø, rausheit og med rom for å lære av kvarandre, og med fleksibilitet i arbeidsmetodar og prosessar. Dei nye økonomiske rammene for drifta vert sentrale å studere verknadane av, og justere drifta for fortsatt god og føreseieleg økonomistyring.

Forskning for framtida

Vi legg til grunn strategien til Det juridisk fakultet, som byggjer på at vi skal styrke vår posisjon som eit rettsvitenskapleg kunnskapssentrum, sikre aktivt og engasjert internasjonalt forskingssamarbeid og arbeide målretta for rekruttering av studentar og forskarar med ulike erfaringar og perspektiv. I eit forskingslandskap prega av større konkurranse om knappe ressursar vert kvalitet avgjerande, særleg for viktig eksternfinansiering. Vi vil arbeide for erfaringsoverføring i forskingsorganisering og forskingsarbeid og for fortsatt systematisk arbeid for kvalitetsutvikling.

Utdanning for framtida

Fakultetet har som strategi å utdanne sjølvstendige og kritiske juristar som har inngåande kjennskap til samtidas rettssystem og kan møte nye utfordringar og ukjende problemstillingar, og slik sett utvikle retten. Vi skal vere det leiande rettsvitenskaplege utdanningstilbodet i Noreg gjennom å vidareutvikle Bergensmodellen med studentane si læring i sentrum. Etter endringar i studiet der m.a. KI er integrert i undervisninga, er det no viktig å sikre god gjennomføring av vedtekne endringar. Vi skal sikre at dei vi utdannar er oppdaterte på bruk av digitale verktøy til å løyse rettslege problemstillingar. Ei god gjennomføring av det nye 5. studieåret vert sentralt, saman med fortsatt arbeid for å sikre god progresjon i studiet, og å følgje opp prosjekt og utviklingsarbeid innan fagdidaktikk og problembasert læring.